

SØKNAD OM FELLINGSLØYVE FOR REIN JAKTA 2010

Søknad om fellingsløyve for rein i Aurland statsallmenning må sendast fjellstyret innan 1. juni.

Dei som vel å senda søknad pr. e-post, må forvissa seg om at dei får svar som stadfestar at søknaden er framkomen. All e-post som kjem inn til fjellstyrekontoret vert svara på. Om du ikkje får svar innan rimeleg tid, kan dette tyda på at meldinga har "vorte borte," utsortert av spamfilter eller på annan måte.

Fjellstyret har og 1-2 fellingsløyve som kan nyttast på Hardangervidda. Eigen søknad må sendast for dette.

Fjellstyret har møte med trekning av fellingsløyva tysdag den 8. juni. Møtet er ope for alle interesserte. Alle søkjarar får skriftleg melding om utfallet av trekninga etter dette møtet. Listene vert og lagde ut på fjellstyret si nettside.

Søknad som brev eller postkort kan sendast til:

*Aurland fjellstyre
5745 Aurland*

JAKT, FELLINGSKVOTE OG TELJINGAR

Fellingskvoten for Nordfjella vert i år på 1000 dyr, mot 700 i 2009. Kvoten vert fordelt med 20 % frie dyr, 40 % simle/ungdyr og 40 % kalv.

I 2009 fekk 56 av dei 226 som søkte tilsegn om fellingsløyve på statsallmenningen, alle innanbygdsbuande jegerar.

Jakttida er 20.8. – 20.9.
Nattefreding frå kl. 19.00 til 07.00.

Villreinutvalet gjennomførde ei minimumsteljing i Nordfjella villreinområde den 12. februar i år. Det vart då funne 2193 dyr.